



Notat

Dato: 02.05.2019
Arkivsak: 2014/17256-90
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om framdriftsplan for salet av eigedom på Fløksand i Meland kommune

Mona Røsvik Strømme (Høgre) har bedt om at fylkesrådmannen svarer på følgjande spørsmål:

«Meland Golf salget

Hva er fremdriftsplanen for salget på eiendommen?»

Svar på spørsmålet:

I møte den 07.03.2018, PS 14/2018, godkjente fylkestinget salsvilkåra for sal av eigedomen på Fløksand i Meland kommune, og fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne høgaste bod. Salsvilkåra inneheld ein salsmodell som har 3 fasar.

Den 06.12.2018, PS 292/2018, vart høgaste bod, som var frå Hui Gruppen AS, godkjent av fylkesutvalet.

I saksframlegga til dei to sakene er det gjort greie for innhaldet i salsmodellen i dei 3 fasane.

Vi er no i fase 1 der det er inngått opsjonsavtale med Hui Gruppen AS, med ein opsjonspremie på kr 3 mill. I opsjonsperioden, som er på inntil 6 år, skal Hui Gruppen AS arbeide for å regulere eigedomen med sikte på framtidig utbygging og sal.

Dersom det lukkast å regulere eigedomen i samsvar med vilkåra i opsjonsavtalen, kan Hui Gruppen AS gjere opsjonen gjeldande og kjøpe og overta eigedomen. Kjøpar betaler kr 10.3 mill + KPI justering. Dette er fase 2.

I tillegg til kjøpesummen vil fylkeskommunen i fase 3 motta ytterlegare vederlag etterkvart som prosjektet vert realisert.

I samband med salet er det sikra at 22,5 mål av strandområdet på eigedomen vert friluftslivsområde med Bergen og omland friluftsråd (BOF) som eigar. Kjøpekontrakt med BOF vart signert 21.02.2019, og HFK har sendt søknad til Meland kommune om frådelling av arealet. På arealet vil det verte tinglyst ein klausul med følgjande ordlyd: «Området kan ikkje nyttast til anna ein friluftsføremål, utan etter godkjenning av staten v/Miljødirektoratet.»